

## Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Trude Brosvik sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser det som viktig å sikre eit godt drosjetilbod i alle kommunar for alle typer brukarar. Difor må det arbeidast vidare med einerettar for alle kommunar som kjem inn under einerettsmodellen. Her må ein ha tett dialog med kommunane og fylket. Det er svært viktig å stille krav som stettar behovet for brukarar med nedsett funksjonsevne.

Rådet vil framheve desse krava:

- nok antall bilar som kan frakte rullestolbrukarar
- prisane må vera mest mogleg lik som for andre brukarar
- TT-kort må takast imot og ha ei løysing som kan brukast nasjonalt
- førarhundbrukarar kan ikkje avisast av drosjane
- drosjer som ikkje overheld slike krav må det kunne reagerast overfor»

### Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser det som viktig å sikre eit godt drosjetilbod i alle kommunar for alle typer brukarar. Difor må det arbeidast vidare med einerettar for alle kommunar som kjem inn under einerettsmodellen. Her må ein ha tett dialog med kommunane og fylket. Det er svært viktig å stille krav som stettar behovet for brukarar med nedsett funksjonsevne.

Rådet vil framheve desse krava:

- nok antall bilar som kan frakte rullestolbrukarar
- prisane må vera mest mogleg lik som for andre brukarar
- TT-kort må takast imot og ha ei løysing som kan brukast nasjonalt
- førarhundbrukarar kan ikkje avisast av drosjane
- drosjer som ikkje overheld slike krav må det kunne reagerast overfor